



Transport- og kommunikasjonskomiteen

Nasjonal transportplan 2018 - 2029 - Vikafjellsvegen riksveg 13 Vik-Voss

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Bakgrunn:

Vikafjellstunnelen er prioritert i gjeldande NTP 2014-2023, men er ikkje med regjeringa sitt framlegg. Rv 13 er eit indre nord-sør samband og ei ferdselsåre som bind kommunane i midtre Sogn saman med Voss og Bergen, og har stor regional verdi. Når Hordaland og Sogn og Fjordane skal bli ein region frå 2020 er det endå viktigare å få realisert Vikafjellstunnelen. Tunnelen vil knyte administrasjonssentra i Bergen og Leikanger tettare saman og redusera reisetida vesentleg.

Fjellovergangen over Vikafjellet er definert som heilårsopen, men er den mest vinterstengde riksvegen i Norge og har aldri fungert som ein vinterveg. Strekninga er rasutsett. Tunnel er einaste løysing for å få sikker heilårsveg over Vikafjellet. Kostnad for tunnel er kr 2.970 mill. (2017-kroner).

Tunnelen vil gje sikker og nødvendig beredskapsveg som omkøyringsveg både for E16 og E39. Rassikringstiltak for rv 13 Kvassdalen var med i transportetatane sitt grunnlagsdokument (middels ramme). Denne strekninga har høg skredfaktor.

Sogn regionråd ber om at følgjande vert teke med i vedtaksdokumentet til Stortinget:

Prosjektet som sikrar heilårssamband rv 13 Vik-Voss er svært viktig. Når Hordaland og Sogn og Fjordane skal bli ein region frå 2020 er det endå viktigare å prioritera oppstart av Vikafjellstunnelen. Tunnelen vil gje sikker og nødvendig beredskapsveg som omkøyringsveg både for E16 og E39. Det må setjast i verk vurderingar om moglege kostnadsregulerande tiltak. Dette arbeidet må ferdigstillast slik at prosjektet kan halda på startløyvinga med kr 100 mill. som planlagt i gjeldande Nasjonal transportplan.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift